



DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møtet blir digitalt

Tidspunkt: kl. 12.00-15.00

Saksbehandlar: Eva Mari Pettersen

Dato: 18. april 2023

Saksliste byvekstavgift bergensområdet

- Sak 41/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 42/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.03.2023
- Sak 43/23 Årsmelding 2022
- Sak 44/23 Utsikta reduksjon av staten sine tilskot i byvekstavgiftane
- Sak 45/23 Orientering om NTP-prioriteringane
- Sak 46/23 Orientering om oversendt planforslag for Bybanen til Åsane
- Sak 47/23 Opning sykkel tunnelar
- Sak 48/23 Sykle til jobben
- Sak 49/23 Eventuelt

Saksliste bypakke Bergen

Ingen saker

Saksliste byvekstavtale bergensområdet

Sak 41/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 42/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.03.2023

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 43/23 Årsmelding 2022

Sjå vedlegg 2

Miljøløftet si årsmelding er ei oppsummering av aktivitetar og tiltak som er finansiert gjennom Miljøløftet i 2022, og gir også ei oversikt over status på økonomi og måloppnåing i samarbeidet så langt, særleg sett opp mot avtalen sitt referanseår 2018. Merk at det står att nokre behov for redaksjonelle endringar (vedlegg 2) før dokumentet kan sendast til lokalpolitisk handsaming. Dette gjeld blant anna enklare kvalitetssikring, korrekturlesing og grafisk finpuss, inkludert fleire bilete. Som bestilt, blir årsmeldinga sendt til partane for lokalpolitisk handsaming samstundes som handlingsprogrammet. Det blir gjort slik at begge sakene kan handsamast før sommaren 2023.

Som tidlegare år, er det jobba vidare med utvikling av årsmeldinga, slik at den tek i vare heile avtaleområdet, og reflekterer arbeidet med måloppnåing i 2022. Vi gjer merksam på at det blir rapportert på areal og parkering annakvart år, og at det ikkje skal vere ny rapportering på dette før i 2023. Sekretariatet presenterer saka i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek Miljøløftet si årsmelding 2022 til orientering. Sekretariatet legg inn eventuelle mindre tilpassingar i tråd med diskusjonen i møtet, og sender deretter Miljøløftet si årsmelding til partane for lokalpolitisk handsaming før sommaren, og samstundes som Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027.

Sak 44/23 Utilsikta reduksjon av staten sine tilskot i byvekstavalane

Sjå vedlegg 3

Dei seinare åra har byggekostnadsindeksen og Finansdepartementet sin budsjettindeks hatt store avvik. Dette får, som tidlegare er lyfta til styringsgruppa, følgjer for stort det statlege tilskotet til byvekstavalane blir over tid. Sekretariata i dei fire byvekstavtaleområda har utarbeidd eit forslag til felles brev til Samferdselsdepartementet frå dei lokale partane, med oppmoding om at situasjonen blir vurdert i samband med revidert nasjonalbudsjett. Dei lokale partane i Miljøløftet har slutta seg til brevet per e-post, og brevet er no sendt til departementet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 45/23 Orientering om NTP-prioriteringane

Transportetatane leverte svar på prioriteringsoppdraget frå Samferdselsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet til Nasjonal transportplan 2025-2036 fredag 31. mars. Statens vegvesen presenterer ei oppsummering av innhaldet i leveransen som er relevant for byvekstavgifta for Bergensområdet i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering

Sak 46/23 Orientering om oversendt planforslag for Bybanen til Åsane

31. mars sende Plan og bygningsetaten i Bergen kommune planforslaget for Bybanen til Åsane over til byrådsavdelinga, for vidare handsaming der. Bergen kommune gir ei orientering om det vidare arbeidet fram mot politisk handsaming av reguleringsplanen i Bergen bystyre.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 47/23 Opning sykkeltunnelar

Helga 15.–16. april var det opningshelg for Fyllingsdalstunnelen og Kronstadtunnelen. Sekretariatet orienterer kort om arrangementsgjennomføringa.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 48/23 Sykle til jobben

Sykle til jobben aksjonen blir i år arrangert for 50. gong, og har oppstart 3. mai. Miljøløftet er med. Sekretariatet orienterer.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 49/23 Eventuelt byvekstavgifta bergensområdet

Saksliste Bypakke Bergen

Ingen saker er meldt inn på førehand.